



Bergen kommune –
Byrådsavdeling kultur, næring og idrett
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 19.06.2014
Vår ref.: 2014/1441-12
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 201300514 - 32

Bergen kommune - fylkeskommunalt investeringstilskot Helleren bad- og symjeanlegg anleggsnr

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok i møte 20.5.2014, å løyva kr 2 000 000,- til Helleren bad- og symjeanlegg, Bergen kommune.

Midlane vert med det første overførte til Bergen kommune til bankkonto 5210 05 39187. Overføringa vert merka: art 181010, ans 044029 og tj 38010 .

Føresetnader for tilskotet

- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylde
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd for sin kontroll
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakar aksepterar og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottek meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av ”lov om offentlige anskaffelser”.

Klagerett

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova §27 tredje ledd og §28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følge av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endelig avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida: <http://www.signform.no/dss>

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.